

**Notat**Dato: 15.08.2018  
Arkivsak: 2016/5124-6  
Saksbehandlar: johmeye

---

**Til:** Fylkesutvalet, Administrasjonsutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Overtalssituasjonen pr 15. august 2018**

Pr 15. august har situasjonen løyst seg for mange av dei tilsette i fylkeskommunen som vart meldt som overtalige i vår.

Ved tidlegare Hjeltnes vgs i Ulvik fekk fem av dei tilsette varsel om oppseiing i vår. Det var på dette tidspunktet ikkje klårlagt kva kompetanse det ville vere behov for ved den nye produksjonsskuleavdelinga som no er lokalisert til skuleanlegget på Hjeltnes. Dette vart klårt i juni månad. Etter intern utlysing av dei nye stillingane har fire av dei fem frå Hjeltnes vgs fått nye stillingar her.

Ei lovendring med utviding av ungdomsrett til 25 år har ført til at spesielt talet på søkjarar til programområdet TIP vart større enn det var mogeleg å sjå med grunnlag i prøveinntaket tidlegare i vår. Dette førte til at klasser er oppretta og 8 varsel om oppseiing vart difor kansellert i juli.

Status pr i dag er såleis at 9 tilsette har fått oppseiing i heile eller deler av stillingane sine. Dette utgjer til saman 5,3 årsverk (fleire av desse er tilsett i små delstillingar). Ytterlegare 3 tilsette som vart meldt overtalig har gått ut i permisjon for vidareutdanning mv.